



## Melding frå Firda vgs, mars 23

Med bakgrunn i innspelet som kom opp på foreldrekvelden i januar vil vi prøve ei ordning med eit meldingsbrev ein gong i månaden til dykk som er foreldre/føresette til ungdommane ved Firda vgs. Her informerer vi om arrangement og faste aktivitetar, og elles viktige ting som skjer på skulen.

Eg startar med å orientere om dei faste aktivitetane som går kvar veke gjennom skuleåret eller over ein periode:

### **Gratis frukost**

Måndag, tysdag, onsdag og torsdag vert det servert gratis frukost til alle i kantina.

### **Open skule**

Måndag, tysdag og onsdag er miljøkoordinator på open skule frå kl 17 - 22. Tysdag vert det servert middag til kr 35,- onsdag er det gratis kvelds.

### **Studiekafe**

Onsdag er det studiekafe frå kl 17-19. Studiekafeen startar alltid med gratis suppe

### **Open skule klatring**

Tysdagar frå kl 19-21 kveld er det gratis klatring i klatreveggen.

### **Volleyball**

Onsdag kveld er det volleyball i Trivselshallen kl 20-21 for alle som har lyst til å bli med

### **Hendingar i mars**

#### **Spørjeundersøkingar**

No i veke 10 gjennomfører vi 2 korte spørjeundersøkingar for elevane. Den eine gjeld psykisk helsetilbod og den andre handlar om mat- og måltidsvanar, trivsel, konsentrasjon og læring. Meir info om desse undersøkingane finn de på heimesida vår.

#### **Russerevy**

Årets russekul viser revyen «Firdarussen si siste reise» laurdag 11. mars kl 19 i Kultursalen. Dei har lagt ned mykje arbeid i planlegging og øving, og byr på morosame sketsjar, heimesnekra songar og dansenummer. Alle er hjarteleg velkomne.

#### **Hospitering**

Måndag 20. og tysdag 21. mars er det hospitering ved Firda vgs for 9. trinn. Desse dagane får 9. klassingane som kjem eit innblikk i kvardagen i dei ulike utdanningstilboda våre. Dei kan besøke idrettsfag, dans, drama, musikk eller studiespesialiserande. Vi gler oss til å ta i mot 9. klassingar frå heile fylket, og til å vise kva tilbod vi har på Firda vgs. For plassane på studiespesialisering gjeld nærskulepoengordninga, men siste åra har alle som har søkt fått tilbod om plass. For idrettsfag, musikk, dans og drama gjeld ikkje nærskulepoeng. Her stiller alle likt! Dei som har veldig lang reiseveg til hospiteringa, vil få tilbod om overnatting på skulen.

**Grisefest**

Grisefesten er eit tradisjonsrikt og høgtideleg arrangement på Firda vgs som går mange tiår tilbake. Dette er lærarane sin måte å hedre avgangselevene våre på. Årets grisefest blir **torsdag 23.mars kl 19-22.30**. Dette arrangementet er for tilsette og vg3 elevar. Foreldre/føresette til vg3 elevane er med og hjelper til, og vg2 elevar stiller på som servitørar. Det vert god mat, underhaldning, dans og taler.

**Påskeferie**

Siste skuledag før påske er fredag 31. mars. Vi startar opp igjen etter påske tysdag 11. april kl 08.30.

Vil elles vise til heimesida vår. Der er det mykje nyttig informasjon om skulen for både elevar og føresette.

Helsing

Hallgeir Hansen  
rektor